
Vår referanse 2020/74904-2
Dato 19.11.2020

JENS H.N.BJORDAL
GRØNLANDSVEGEN 11
5918 FREKHAUG

Førehandstilsegn - Søknad om utvida bruk av avkøyrslse - fv. 5318 - gnr 355 bnr 4 - Skjelangervegen - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad om utvida bruk av avkøyrslse til fylkesveg 5318, datert 22.10.2020.

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrslse frå.

Fartsgrensa på staden er 60 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 300. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse 4 «lite streng» jf. Rammeplan 2017-2020.

Avkøyrsla tilfredsstillar ikkje krav til utforming når det kjem til svingradius og overvasshandtering. På bakgrunn av dette kan vi ikkje gje eit løyve i dag, men eit førehandstilsegn om at løyve kan påreknast etter at avkøyrsla vert utbeta etter krava vi stiller.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#), har vi fatta følgande vedtak:

Det kan påreknast utvida bruk av avkøyrslse for ny einestad under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.

Veg: fylkesveg 5318 Skjelangervegen / gnr. 355 bnr. 4 i Alver kommune.

Vi gjer merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova. Vi gjer særleg merksam på at tiltak kan vere søknadspliktige etter plan- og bygningslova (kommunen) og at det kan vere behov for å avklare privatrettslege tilhøve.

Vi set følgjande krav:

1. Avkøyrsla skal vere ferdig bygd i samsvar med villkåra nedanfor, og deretter kontrollert og godkjent av Vestland fylkeskommune innan 3 - tre år frå datoen på dette vedtaket, elles fell tilsegna bort.
2. Kommunen skal ikkje gje igangsetjingsløyve til omsøkt bygg før endeleg godkjent avkøyrslsløyve frå Vestland fylkeskommune føreligg, jf. Plan- og bygningslova §27-4. Når krav til svingradius og overvasshandtering er oppfylt, kan kommunen gje løyve til nødvendig grunnarbeid.
3. Avkøyrsla må opparbeidast i samsvar med vedlagde prinsippsskisse og *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrslser frå offentlig veg*, som ligg på lovdata.no

4. Avkøyrsla skal også kunne vere felles med eventuelle andre, som på ein naturleg måte kan nytte same avkøyrslé.
5. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 45 meter til begge sider av køyrebana. Sikta fram- og bakover på vegen målt 10 meter frå avkøyrsléspunktet skal vere minimum 45 meter.
6. Svingradius skal vere 3,5 meter (diameter 7 meter). Svingradius skal markerast tydeleg. Anten med betongkant eller at ein grev arealet og utformar det slik at det ikkje innbyr til ut eller innkøyring på skrå.
7. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
8. Av omsyn til vedlikehald og trafikktryggleik må det ikkje samle seg vatn i avkøyrsla eller renne vatn ut i fylkesvegen.
9. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisiktsone.
10. Overvatn må anten renne nedover med takfall mot sidene eller det må leggjast røyr under avkøyrslé.

Arbeidsvarsling

Før arbeidet vert sett i gang på/ved offentleg veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Den skal sendast til bergen.arbeidsvarsling@vegvesen.no. Vi ber om at det vert vist til vårt saksnummer 2020/74768 ved innsending av arbeidsvarslingsplanen.

Vidare saksgang

Ta kontakt med sakshandsamar dersom det er spørsmål i samband med opparbeiding av avkøyrsla.

Når avkøyrsla er opparbeidd etter krava, skal det takast kontakt med Vestland fylkeskommune for synfaring og eventuell godkjenning. Endeleg godkjent avkøyrslésløyve vert send til søker.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Prinsippskisse